



Arkivsaknr: 2024/5558-12
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i tidsrommet 01.10.24 til 30.09.28 - Nan Tian House AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Nan Tian House AS org.nr 992006544 fornya skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i omsøkte lokale i Lyngvegen 4, 5914 Isdalstø frå 01.10.20 – 30.09.24

Shengze Mo er styrar for skjenkeløyve og Lei Ke er avløysar for styrar.

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 er tirsdag til sundag frå kl. 13.00 til kl. 22.00

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Nan Tian House AS har i søknad datert 02.05.24 søkt om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3 i tidsrommet 01.10.24 til 30.09.28. Det er søkt skjenkeløyvet på det arealet som er definert som restaurant, ca 100 kvadratmeter med 66 sitjeplasser, i Lyngvegen 4, 5914 Isdalstø.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (alkoholova § 1- 6). Søknaden har vore til uttale hjå politi, NAV og skatteetaten som ikkje har merknader til fonying av løyvet.

Styrar for salsløyvet Shengze Mo og avløysar for styrar Lei Ke har bestått kunnskapsprøven samsvar med Alkoholova §1-7 c.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.